



## Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/211831-2

Dykkar referanse:  
14/5297 – 16/30618

Vår dato:  
08.01.2018

### Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan gnr. 63 bnr. 3 m.fl. – Nedre Bergås bustadfelt – Myksvoll – Lindås kommune

Vi viser til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Nedre Bergås bustadfelt ved Myksvoll i Lindås kommune. Høyringsfrist er 10.01.2018.

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. I denne planen uttaler vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport, deriblant trafikktryggleik, og som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen.

Statens vegvesen ser at planen ikkje varetar våre interesser tilstrekkeleg. Trafikktryggleik for mjuke trafikantar er ikkje tilstrekkeleg vurdert i planarbeidet, og det er ikkje sett av areal til trafikksikring av fylkesvegen. Våre motsegn er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik og framkomst.

#### Føremål med planarbeidet

Føremål med reguleringsplanen er å legge til rette for bustadutbygging. Området er foreslått utbygd med 26 nye bueiningar. Det er i dag 10 einebustader og 1 fritidsbustad innanfor planområdet.

#### Planstatus

I kommuneplanens arealdel er området avsett til bustadføremål og LNF (700 m<sup>2</sup>), der store delar ligg innanfor omsynssone landbruk. Tiltaket er difor delvis i strid med overordna plan. Bustadområdet er angitt som område B27, men ein har ikkje talfesta kor mange nye bueiningar ein vil tillate.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

## Vår vurdering av framlegget

### Tryggleik for mjuke trafikantar – areal til fortau

Etter vår vurdering legg planen til rette for et stort bustadområde, som ikkje har trafikkikker veg til nærområdet for mjuke trafikantar. Det vil vere naturleg med ferdslle både nordover og sørover langs vegen, mot sjøen, grendahuset og dei utbygde områda i nærleiken. Tilhøva for mjuke trafikantar er omtalt i planskildringa, men er ikkje løyst i reguleringsplanen. Etter vårt syn er det ein mangel ved ROS-analysen til reguleringsplanen at trafikktryggleik for mjuke trafikantar ikkje er kommentert.

Slik reguleringsplanen er utforma no, vil utbygginga stenge for moglegheita til å etablere fortau langs fylkesvegen i framtida. Dette vil vere svært uheldig. Statens vegvesen krev difor at ein tar med fortau og vegutviding langs fv. 404 forbi bustadområdet. Alternativt krev vi at byggegrensa vert sett til 30 meter frå vegmidte. Det skal ikkje etablerast murar, fyllingar, internvegar, parkeringsområde eller andre tiltak innanfor byggjegrensa langs vegen.

### Byggjegrense langs veg

I framlagte planforslag er byggjegrensa vist 15 meter frå vegmidte, med unntak av parkeringsplassen, f\_P, som ligg heilt ut mot vegen, og som vil krevje mur i vegkanten.

Føremål med byggjegrensa er å mellom anna å setje av areal til seinare utbetring av veg og tilhøyrande infrastruktur, t.d. fortau eller gang- og sykkelveg. Fylkesvegen forbi Nedre Bergås er smal og svingete, manglar fortau og har dårlege busshaldeplasser. Det er òg vesentlege høgdeskilnader som gjer det til eit krevjande terreng å bygge i. Statens vegvesen meiner difor at det er trong for meir enn 15 meter byggjegrense i dette området. Vi viser til at vi ved varsel om oppstart bad om at byggjegrensa langs fv. 404 vart sett til 30 meter.


### Vegstandard

I vår merknad til varsel om oppstart skreiv vi mellom anna:

*«Planområdet grensar til fylkesveg 404 som har låg standard utan tilbod til mjuke trafikantar. Etter Statens vegvesen si vurdering er det trong for ei opprusting og trafikkisering av fylkesvegen dersom det skal kunne tillatast vidare utbygging av bustader langs vegen. Statens vegvesen vil på dette grunnlaget krevje at planområdet vert utvida til og å omfatte fylkesveg 404 på strekninga langs planområdet. Ved å og inkludere fylkesvegen i planområdet kan ein lettare vurdere korleis ei opprusting og trafikkisering av vegen kan gjennomførast på best mogeleg måte.»*

Etter varsla oppstart var det møte og synfaring, der det vart semje om å ta med deler av vegen. Statens vegvesen meiner at dette ikkje er følgt opp i oversendt framlegg til reguleringsplan. Vi viser i den samanheng til vår merknad til Lindås kommune, datert 15.02.2015, som ligg vedlagt. Etter vårt syn bør plangrensa utvidast i tråd med vår merknad, og reguleringsplanen bør vise vegutviding og kurveutbetring på fylkesvegen.

Reguleringsplanen bør inkludere tekniske teikningar, som viser at kryss og siktsoner kan byggjast som vist. Det må òg gå fram av tverrprofil at det er areal til naudsynte murar/fyllingar langs fylkesvegen.



Utsnitt frå plankart viser at siktsona mot venstre i krysset ikkje gir areal til naudsynt mur, som er vist i illustrasjonsplanen.

#### Krav om rekkjefølgje

For å ivareta tryggleiken for trafikantane krev Statens vegvesen at krysområdet, haldeplass og siktsoner må vere ferdig bygd og utbetra før igangsetjing av utbygging i planområdet.

#### Avkøyrslar

I vår merknad til oppstartsvarsel skreiv vi følgjande:

*«Vidare eksisterer det fleire private avkøyringar som ikkje tilfredsstiller normalkrava til teknisk utforming av avkøyringar i samsvar med handbok N100 Veg og gateutforming (tidlegare handbok 017).*

*I det vidare planarbeidet må det leggast vekt på å redusere talet på avkøyringar til fylkesvegen som ledd i tiltak for å trafikksikre denne delen av fylkesvegen. Det må og sikrast at nye avkøyringsløysingar til fylkesveg 404 vert planlagt i samsvar med tekniske krav til utforming i handbok N100.»*

Vi kan ikkje sjå at ein har vurdert å sanere avkøyrslar i dette planarbeidet. Hovudkrysset til planområdet vert utbetra, men dei dårlege avkøyrslene nord og sør i planområdet vert uendra. Etter vårt syn er dette ei dårleg løysing. Reguleringsplanen legg derimot ikkje opp til auka bruk av desse avkøyrslane, og Statens vegvesen kan difor akseptere løysinga. Vi ber om at denne intensjonen vert sikra ved ei føresegn om at auka bruk ikkje vert tillate.

#### Tal på bueiningar

Framlegget viser ei utbygging ved Myksvoll som er vesentleg større enn Statens vegvesen la til grunn ved varsel om oppstart. Etter vår vurdering legg ein til rette for ein vesentlig auke i tal bueiningar i eit område som er bilbasert.

I kommunens saksutgreiing står følgjande:

*«Utforminga av dei felles internvegane i planområdet, viser at det er mogleg å eventuelt gi tilkomst til fleire bustader nord og nordvest for området i framtida.»*

Statens vegvesen meiner at dette er feil stad å etablere eit stort byggefelt. I den samanheng vil vi òg vise til av fv. 404, som er ein av tilkomstvegane til området, stadvis har dårleg standard, og det er ønskjeleg å avgrense trafikkveksten inntil vegen er utbetra.

#### Haldeplass

Ved busshaldeplass retning sør må det settast av areal til både bussen og venteareal for passasjerar. Ved haldeplass retning nord må det settast av areal for avstiging.

#### Byggjeplan

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggjeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.

#### Konklusjon

Planforslaget tilfredsstillar ikkje våre interesser når det gjeld trafikktryggleik. Statens vegvesen fremjar difor motsegn til planen, i lys av vår rolle som fagmynde for trafikktryggleik og framkomst.

Våre motsegn er knytt til følgjande punkt i uttalen:

- Det er ikkje sikra areal til fortau langs fylkesvegen.
- Det må settast krav om rekkjefølgje for utbetring av kryssområde, siktsoner og haldeplasser.

Vegavdeling Hordaland

Med helsing

Grethe Vikane  
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ



## Statens vegvesen

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen  
Postboks 75  
5952 FONNES

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2014/129443-008

Dykkar referanse:

Vår dato:  
05.02.2015

### **Reguleringsplan gnr. 63 bnr. 3 m. fl. - Nedre Bergås bustadfelt - Myksvoll - Lindås kommune - Utviding av planområdet**

Vi viser til Dykkar oversending av framlegg til utviding av planområdet for reguleringsplanen for gnr. 63, bnr. 3 m. fl., Nedre Bergås bustadfelt på Myksvoll i Lindås kommune.

I vår uttale til oppstartsmeldinga for planarbeidet kravde vi at planområdet måtte utvidast til å omfatte fylkesveg 404 på strekninga langs planområdet. Etter møte på vegkontoret den 13.01.15 vart ein samd om at utviding av planområdet kunne avgrensast til å omfatte den delen av fylkesvegen som var naudsynt for å kunne regulere eit tilfredsstillande kryss frå fylkesvegen til planområdet.

Statens vegvesen er stort sett nøgd med framlegget til utviding av planområdet, men etter det vi avtala på møtet skulle området utvidast til og å omfatte svingen langs eigedomen gnr. 63, bnr. 16 i sørvest slik at ein kunne vurdere mogleg utviding av vegen i denne svingen. Då eigedomen er omfatta av reguleringsplanen oppfattar vi det slik at det likevel kan vere mogleg å utvide vegen utan at sjølve vegarealet er del av planområdet. Ut over dette har vi ikkje merknader til utvidinga av planområdet.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

